



Tilskudd til Jobbsjansen del B

Tilskuddsrapport for 2017

Utfylt rapporterings skjema i Word-format, med vedlegg sendes til post@imdi.no innen **15. februar 2018**.

Tilskuddsrapporten skal ta utgangspunkt i søknad/revidert søknad fra 2017. Bruk informasjon fra søknaden til å rapportere (målformuleringer, måltall, aktiviteter, leveranser osv.) Kopi av søknaden finner du på IMDinett.

Vennligst skriv i e-postens tittel IMDis referanse (17-.....). Denne finner du i søknaden eller i tilskuddsbrevet for 2017.

1. Generelt

Navn på kommunen:	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Prosjektnavn:	Eksamensretta grunnskulefag (EGF)
Rapporteringen gjelder	<input checked="" type="checkbox"/> Ettårig prosjekt Flerårig prosjekt <input type="checkbox"/> 1.år <input type="checkbox"/> 2.år <input type="checkbox"/> 3.år
Saksnr. hos IMDi:	17-01714

2. Tilskuddsmottaker

Org nr:	941388841
Navn på virksomhet:	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Enhet:	Opplæring
E-post:	post@sfj.no
Rapportens forfatter:	Yrla Klein

3. Måloppnåelse

Gi en vurdering av i hvilken grad og hvordan prosjektet har lyktes i å oppnå det overordnede prosjektmålet:

Det overordnede målet er å auke gjennomføring av vidaregåande opplæring for minoritetsspråkleg ungdom. Det er tidleg i prosjektet til å kunne konkludere om målet er nådd på grunn av gjennomføring vert målt først 5 år etter starta vidaregåande opplæring.

Våren 2017 fullførte 51 elevar opplæringstilbodet EGF. 28 av desse vart tatt inn i ordinært Vg1 løp i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. 7 elevar er anten elevar på EGF tilbodet, deltek i vaksenopplæring eller anna nettundervisning. Dei øvrige 16 har anten flytta til andre fylker eller deltek i andre tiltak gjennom kommunen. Av dei 28 elevane som er teken inn i eit ordinært Vg1 løp har 12 fått inntak på første ynskje til utdanningsprogram. Dei resterande fekk inntak til 2. eller 3. ynskje til utdanningsprogram.

Elevane som deltek på EGF opplæringa frå starta i opplæringa hausten 2017 og avsluttar opplæringa våren 2018.

Resultatmål

Resultatmål må rapporteres i sammenheng med målbeskrivelse i søknaden/revidert søknad).

I hvor stor grad har prosjektet oppnådd sine resultatmål i 2017?

Nr.	Resultatmål	Måloppnåelse	Beskrivelse av måloppnåelsen
1	Gje alle minoritetsspråklege ungdomar i fylket som ynskjer, og er i målgruppa, eit tilbod om å delta på eit eksamensretta grunnskulefag (EGF) tilbod på ein vidaregåande skule i nærområdet.	Høy	Med unntak av 4 søkjarar som var busett for langt unna nærmaste vidaregåande skule i eige fylke. Målet var å tilby opplæring i samarbeid med Hordaland fylkeskommune på Austreim vidaregåande skule. Dette lukkast ikkje, og søkjarane har difor fått andre tilbod om tilrettelagt opplæring.
2		Velg et element.	
3	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Velg et element.	
4	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	Velg et element.	

Legg til flere rader ved behov

Kap. 496, post 62, Jobbsjansen del B
Rapporteringsskjema 2017

Målgrupper

Nr.	Målgrupper (elever i tiltaket)	Måltall i 2017	Faktisk som deltok i Jobbsjansen 2017
1	Minoritetsspråkleg ungdom mellom 16-24 (16-18 for asylsøklarar) i Sogn og Fjordane med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-1 første og andre ledd og eit norsknivå på minimum A2.	Ikkje oppgitt	51 elevar i skuleåret 16/17 og 110 elevar per 20.12.17
2			
3			
Totalt	.		

Legg til flere rader ved behov

Deltakerresultater i 2017

Nr.		Antall
1	Antall deltakere som avsluttet i Jobbsjansen i løpet av 2017	51
2	Antall deltakere som avsluttet Jobbsjansen i 2017 og begynte på ordinær opplæring i vidaregåande skole	28
3	Antall deltakere per 31.12.2017 som fortsatt var under opplæring i Jobbsjansenprosjekt og overføres til 2018	110

Ev kommentarer:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

4. Utførelse

Gi en kortfattet beskrivelse av hva som er gjort og hvordan)

I samsvar med prosjektsøknaden vart alle fire EGF gruppene skuleåret 2016/2017 vidareført til skuleåret 2017/2018 med inntak av nye elevar. Til saman er det per 13.02.18 11 grupper fordelt på 8 vidaregåande skular.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale med 17 kommunar der 8 er vertskommunar. Kommunar som ikkje har vidaregåande skule har inngått eigne avtalar med dei 8 vertskommunane.

EGF gruppene har fått nytt namn: GMU – grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom. Samarbeidet mellom kommunane og fylkeskommune fungerer særst godt. Dei samarbeidande partane om opplæringstilbodet er positive til å fortsetje samarbeidet om å gje dette tilbodet til målgruppa.

I samsvar med prosjektsøknaden er GMU gruppene lokalisert på ein vidaregåande skule. Lærarkreftene er delt mellom fylkeskommunen og kommunen. Avtalane har ulike løysingar lokalt om kven lærar underviser i kva fag, men felles er eit tett samarbeid om opplæringa og elevane. Elevane får opplæring etter opplæringslova § 4A-1 og får i tillegg opplæring i kroppsøving og klassens time. Grunnskuleeksamen blir gjennomført våren 2017 og våren 2018. Dette gjev grunnlag for inntak til ordinært vg1 opplæringstilbod.

5. Vurderinger

Beskriv arbeidsformer/metoder som prosjektet har benyttet/utviklet og gi en faglig vurdering av disse. Beskriv kort materiell prosjektet har brukt (fra andre) og/eller har utviklet selv.

I arbeidet med å etablere GMU – tilbudet har prosjektet bygd vidare på, og vidareutvikla, samarbeid og dialog på tvers av sektorar, etatar og skular. Det er ein felles forståing omkring kvalifisering og gjennomføring for minoritetsspråklege ungdom.

Erfaringane syner at einskilde ungdomar treng lengre opplæringsløp for å vere kvalifisert til ordinært vg1 tilbud. Vi har difor prøvd ut eit to-årig GMU løp for å kunne differensiere og tilpasse opplæringa i større grad. Tilbakemeldingane frå lærarane som gjev opplæring for desse gruppene er at elevane har eit enda betre utbytte av opplæringa.

For å ivareta elevane sitt psykososiale læringsmiljø og integrering har vi utvikla eit leirskuletilbod i samarbeid med UWC (United World College).

6. Erfaringer

Hva har prosjektet lyktes med?

Å gje ungdom kvalifiserande opplæring i eit likeverdig og inkluderande læringsmiljø.

Prosjektet har i tillegg styrka samarbeid og kunnskap på tvers av etat og sektorar.

Hva har vært de største utfordringene i prosjektet?

Store variasjonar i elevane sine føresetnader og skulebakgrunn. Dette gjev utfordringar for opplæringa , men også for målet om å gjennomføre grunnskuleeksamen etter eit år. Vi ser at deltakarar med lite skulebakgrunn treng meir tid og opplæring,

Statens lånekasse for utdanning gjev ikkje utdanningsstøtte til elever som har fått inntak etter opplæringslova § 4A-1 andre ledd. Som har rett til vidaregåande opplæring. Dette kan bli oppfatta som ulik behandling for elevane som ofte har like føresetnader og behov på tvers av «opplæringsrett».

Anbefalinger (gode grep)

Tilby GMU opplæring over to år.

Styrke samarbeid og informasjonsflyt mellom skule, kommune og fylkeskommune for å løyse nye utfordringar og utvikle opplæringstilbodet.

7. Personer i prosjektet:

Antall ansatte personer i prosjektet: 1

Årsverk totalt i prosjektet: 1

Herav årsverk finansiert av IMDi-tilskuddet: 0

8. Samarbeidspartnere

Gi en redegjørelse for hvordan prosjektet samarbeider internt og eksternt. Beskriv deres erfaringer både muligheter og utfordringer:

Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i fylket har blitt enige om ein samarbeidsavtale. Denne avtalen regulerer kven som har ansvar for dei ulike tenestane i opplæringstilbodet. Denne samarbeidsavtalen blir evaluert kvart år.

Lærarane i gruppene kjem frå både kommune og vidaregåande skule. Dette gjer at lærarane må samarbeide tett i kvardagen om opplæringa og elevane. Lokalt er det nytta ulike løysingar for dette samarbeidet, men faste møter med lærarar, rektor frå kommunen og den vidaregåande skule er ein føresetnad. Målet er å nytte kompetansen på best mogleg måte slik at elevane får den opplæringa har trong for.

Utfordringane er mellom anna knytt til kommunikasjon. Arbeidet med minoritetsspråkleg ungdom involverer fleire etatar og skular i kommunen, og informasjonsarbeid er ei utfordring.

Det ligg og ei utfordring for kommunane og fylkeskommunen med uføreseielege busettingstal. Å ivareta kompetanse og samarbeid over tid er ei av hovudutfordringane.

9. Implementering

Plan for videreføring av prosjektets resultater og erfaringer i det vidare arbeidet innanfor området.

Opplæringstilbodet bør vidareførast skuleåret 2018/2019. Det er søkt om nye midlar frå IMDi (jobbsjansen del B) for å kunne tilby dette på alle skular med elevgrunnlag.

Små justeringar vert gjort, som til dømes å auke timetallet for å tilby faget «utdanningsval».

Inngå samarbeidsavtale med fire nye kommunar som har aktuelle søkjarar.

Digitalisering av innsøkinga til GMU.

Hvordan er prosjektets resultater og erfaringer formidlet i og utenfor egen organisasjon?

Rapportering og resultat blir lagt frem for hovudutvalet for opplæring.

Det er lagt ut informasjon på heimesida vår: www.sfj.no om GMU. Det har i tillegg vore informasjonsmøte i alle regionane i Sogn og Fjordane i løpet av januar/februar.

10. Vilkårskontroll

Egenerklæring om oppfyllelse av vilkår

Oppfylt		Vilkår
<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Anvendte midler fra IMDi er brukt og utgiftsført (bokført) i tilskuddsmottakers regnskapssystem i samme år tilskuddet ble gitt for.
<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Anvendte midler fra IMDi er bokført på eget prosjektnummer i tilskuddsmottakers regnskapssystem.
<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Tilskuddsmidler fra IMDi kun brukt til tiltak og aktiviteter som de ble bevilget for (jf søknad, rundskriv og tilskuddsbrev).

Prosjektnummer/-referanse i regnskapssystem:

56203

Merknader til egenerklæring:

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

11. Tilleggsopplysninger

Skriv opplysninger du ikke finner plass til andre steder i skjemaet.

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

12. Vedlegg

Vedleggsbeskrivelse	Vedlegg	Ettersendes
Prosjektregnskap	<input checked="" type="checkbox"/> (Kryss av)	<input type="checkbox"/> (Kryss av)